



Statens vegvesen Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1720 - 17/17936

Saksbehandlar:

Berit M.Eskeland

Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:

13.09.2017

## Vedtak om særskilt fartsgrense 30 km/t - KV 1126 Skurtveitvegen

**Administrativt vedtak. Saknr: 248/2017**

### Saksutgreiing:

I Meland kommune sin Tiltaksplan for trafikksikring 2017-2020 er det prioritert å anlegge fartshumper og skilte Skurtveitvegen 30 km/t. Tiltaket er spesifisert i Handlingsplan trafikksikring 2017 (UDU sak 36/2017) der det er vedteke å etablere to fartshumper og skilte vegen 30 km/t.

### Vurdering

KV 1126 Skurtveitvegen er omtrent 600 m lang og har ein bredde som varierar mellom 3 og 4 m. Skurtveitvegen er smal og uoversikteleg, spesielt på strekninga nærast FV 249. Vegen er atkomstveg for bebuarar i området og for turgåarar. Til no har ikkje Skurtveitvegen hatt særskilt fartsgrense, men ettersom vegen ligg i til dels tettbygd strøk, har 50 km/t vore den generelle fartsgrensa.

Ved utarbeiding av Tiltaksplan for trafikksikring 2017-2020 fekk kommunen innspel frå bebuarar som ønska fartshumpar grunna høg fart og nesten-ulukker langs vegen.

Kommunen meiner at dersom ein skal etablere fartshumpar bør vegen samtidig få særskilt fartsgrense 30 km/t. Det er strekninga som ligg nærast fylkesvegen som er den mest uoversiktelege, og som kommunen vil etablere to fartshumpar på for å sikre at fartsgrensa vert overheldt.

Ettersom Skurtveitvegen er ein atkomstveg til både noko tett og noko spredt busetnad vurderar kommunen at vilkåra for 30-sone skilt (skilt nr 366) ikkje er oppfylt, og at ein bør nytte skilt 362. Skilta skal settast opp etter vedlagt skiltplan.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

I samsvar med skiltforskrifta § 26.1 ba Meland kommune om uttale frå Hordaland politidistrikt og Statens vegvesen. Frist for uttale var satt til 07.08.2017. Etter nærare avklaringar var det var ingen merknader til høyringsbrevet.

## **Vedtak**

«I medhald av skiltforskrifta § 26 pkt. 1 vert det vedteke å skilte fartsgrensa på KV 1126 Skurtveitvegen til 30 km/t. Skilt vil bli satt opp basert på vedlagt skiltplan.»

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Vedlegg:**

Skiltplan Skurtveitvegen

**Mottakere:**

Hordaland Politidistrikt

Postboks 285

5804

BERGEN

Sentrum

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER